

**Utval:** Fylkestinget  
**Møtestad:** Grand hotel Terminus, Bergen  
**Dato:** 03.10.2017 kl. 11.00-17.45  
 04.10.2017 kl. 09.00-19.15

**Følgjande faste medlemmer møtte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Siri Klokkestuen	Medlem	A
Rasmus Laupsa Rasmussen	Medlem	A 04.10. kl. 09.15-16.30
Kari Sørensen Bernardini	Medlem	A
Atle Kvåle	Medlem	A
Mari Klokkestuen Kjellesvik	Medlem	A
Emil Lennart Pålíkoff Gadolin	Medlem	A
Kine Bratli Dale	Medlem	A
Synnøve Solbakken	Medlem	A
Espen Berntsen	Medlem	A
Roald Kvamme	Medlem Fung. fylkesvaraordførar	A 04.10. til kl. 16.30
Katrin Innvær Ankervold	Medlem	A
Per Lerøy	Medlem	A
Åse Gunn Husebø	Medlem	A
Kjell Gitton Håland	Medlem	A
Gunn Berit Lunde Aarvik	Medlem	A
Kjetil Hestad	Medlem	A
Gro Berge	Medlem	A
Roald Stenseide	Medlem	Frp
Sigbjørn Framnes	Medlem	Frp
Gustav Bahun	Medlem	Frp
Gunnar Bakke	Medlem	Frp 04.10. til kl. 16.20
Renate Møgster Klepsvik	Medlem	Frp
Rosalind Fosse	Medlem	Frp
Mona Louise Røsvik Strømme	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Nils Marton Aadland	Medlem	H
Inge Reidar Kallevåg	Medlem	H
Ragnhild Hus Fagerbakke	Medlem	H
Olav Kvinge	Medlem	H
Iiril Kirstine Schau Johansen	Medlem	H 04.10. til kl. 17.55
Christer Lilleskare Olsen	Medlem	H
May Eva Sandvik	Medlem	H
John Helge Gullaksen	Medlem	H 04.10. til kl. 15.10
Astrid Aarhus Byrknes	Medlem	KrF
Pål Kårbø	Fung. fylkesordførar	KrF
Beate Husa	Medlem	KrF
Tom Sverre Tomren	Medlem	MDG
Natalie Antonia Golis	Medlem	MDG 03.10. til kl. 15.15 04.10. til kl. 17.55
Øyvind Strømmen	Medlem	MDG
Terje Kollbotn	Medlem	Rødt
Benthe Enes Bondhus	Medlem	Sp
Jon Askeland	Medlem	Sp
Sara Hamre Sekkingstad	Medlem	Sp
Aud Karin Oen	Medlem	SV 03.10. frå kl. 13.15
Marthe Hammer	Medlem	SV

Daniel Charles Hextall	Medlem	SV	04.10. frå kl. 09.35
Anne Beth Njærheim	Medlem	V	
Geir Kjell Andersland	Medlem	V	04.10. til kl. 17.00
Geir Angeltveit	Medlem	V	

#### Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Namn	Funksjon	Representerer
Anne Gine Hestetun		A
Linda Haugland Jondahl	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Svein Kolbein Halleraker	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Silje Hjemdal	Medlem	Frp
Nils T. Bjørke	Medlem	Sp
Tor André Ljosland	Medlem	KrF

#### Følgjande varamedlemmer møtte:

Namn	Møtte for	Representerer	
Øyvind Hardeland	Anne Gine Hestetun	A	
Torgeir Toppe	Linda Haugland Jondahl	A	
Jannicke Bergesen Clarke	Helge Nævdal	A	
Gunnar Moland	Svein Kolbein Halleraker	H	
Lars Åge Kjærland	Stein Inge Ryssdal	H	
Anita Garlid Johannessen	Silje Hjemdal	Frp	
Mette Heidi Bergsvåg Ekheim	Nils T. Bjørke	Sp	
Kristian Helland	Tor André Ljosland	KrF	
Einar Horvei	Aud Karin Oen	SV	03.10. kl. 11.00-13.15
Neshe Lie	John Helge Gullaksen	H	04.10 frå kl. 15.10
Karina Garnes Reigstad	Natalie Golis	MDG	03.10. frå kl. 15.15
Christopher Thompsen	Gunnar Bakke	Frp	04.10 kl. 16.20-17.55
Elizabeth Toft Erichsen	Geir Kjell Andersland	V	04.10. frå kl. 17.00

#### Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann
Ingrid Holm Svendsen	Fylkesdirektør økonomi og organisasjon
Svein Heggheim	Fylkesdirektør opplæring
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Per Morten Ekerhovd	Kst. fylkesdirektør kultur og idrett
Bård Sandal	Fylkesdirektør regional utvikling
Arne Åsan	Fylkestannlege
Jostein Fjærestad	Eigedomsdirektør
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Janne Værnø	Kommunikasjonsdirektør
Bertil Søfteland	Leiar fylkessekretariatet
Sigrud Helene Aardal	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet
Anita Fjellheim	Spesialkonsulent fylkessekretariatet
Gro Stien Thorvaldsen	Seniorrådgjevar fylkessekretariatet

Pål Kårbø

Silja Ekeland Bjørkly

Astrid Aarhus Byrknes

Gro Stien Thorvaldsen  
sekretær

**Sakliste**

<b>Utvals- saknr</b>	<b>Innhald</b>	<b>Arkiv- saknr</b>	<b>U.Off.</b>
PS 70/17	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 71/17	Referatsaker (meldingar)		
PS 72/17	Interpellasjonar/spørsmål		
RS 8/17	Melding knytt til vedtak om tariff	2017/1146	
RS 9/17	Partsbrev - Vedtak i TING 13.06.2017 Forvaltningsrevisjon minoritetsspråklege elevar	2016/9440	
RS 10/17	Skuleskys i vidaregåande skule - verbalforslag i budsjett 2017	2017/938	
PS 73/17	Forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) - Del II - Revisjonsrapport	2015/2073	
PS 74/17	Regional kystzoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - Vedtak av regional plan	2014/11042	
PS 75/17	Finansrapport 2. tertial 2017	2014/927	
PS 76/17	Tertialrapport pr. august 2017 - rekneskapsprognose.	2017/15115	
PS 77/17	Auke av takstar for tannbehandling	2017/14894	
PS 78/17	Arna vgs - Ombygging / rehabilitering	2017/453	
PS 79/17	Oppdragsspesifikasjon – Pilotmodell for opplæringsssamarbeid skule næringsliv Bømlo	2016/4130	
PS 80/17	Forslag til nye skulenamn	2017/3812	
PS 81/17	Samarbeidsprosjekt mellom vidaregåande skular og næringsliv Nordhordland	2014/10030	
PS 82/17	Samanslåing av Hordaland helsefagskole og Fagskolen i Hordaland	2015/11453	
PS 83/17	Ajourføring av forskrift om felles ordens- og åtferdsreglement	2016/3905	
PS 84/17	Vedtak av Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	2014/17126	
PS 85/17	Evaluering av Bybanen - utgreiing av drift i eigenregi	2015/8900	
PS 86/17	Sal av eigeidom i Steinsdalsvegen i Norheimsund	2014/11870	
PS 87/17	Endringar i "Reglement om godtgjersle til folkevalde i Hordaland fylkeskommune"	2017/1229	
PS 88/17	Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2017	2016/9267	
PS 89/17	Rapport evaluering av museumsreforma i Hordaland	2015/869	
PS 90/17	Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland	2017/14598	
PS 91/17	Handlingsplan for forebygging av radikalisering og valdeleg ekstremisme i Hordaland	2016/2578	
PS 92/17	Forsøk med delegering av mynde for utviklingsmidlar på bibliotekområdet	2017/14932	
PS 93/17	Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Silje Hjemdal	2017/732	
PS 94/17	Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Elise Loftheim	2017/732	
PS 95/17	Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Tom-Christer Nilsen	2017/732	

PS 96/17	Søknad om permisjon frå politiske verv i Hordaland fylkeskommune - Nils T. Bjørke	2017/732
PS 97/17	Søknad om permisjon frå vervet som medlem av Kontrollutvalet - Sara Berge Økland	2017/732
PS 98/17	Nordsjøkommisjonen - val av vararepresentantar til tematiske arbeidsgrupper i Nordsjøkommisjonen	2017/732
PS 99/17	Ymse	

## **PS 70/17 Godkjenning av møteinnkalling**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017**

#### **Vedtak**

Innkallinga vart godkjend.

Saklista vart godkjend utan merknader.

## **PS 71/17 Referatsaker (meldingar)**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017**

I samband med ordsiftet etter talane sette **Terje Kollbotn (R)** fram slik protokollmerknad til RS 8/17 «Melding knytt til vedtak om tariff»:

«Vedtaket i sak 13/17 i Hordaland fylkesting 7. mars om krav om tariffavtale ved innkjøp / oppdrag kan ikkje endrast administrativt av fylkesrådmannen. Etter mitt syn står vedtaket ved lag inntil fylkestinget eventuelt vedtar endring.»

#### **Vedtak**

Referatsakene 8-10/17 vart refererte.

## **PS 72/17 Interpellasjonar/spørsmål**

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017**

#### **INTERPELLASJONAR**

**1. Nils Marton Aadland (H)** hadde sendt inn slik interpellasjon:

#### **«Snøggbåtsambandet Knarvik - Frekhaug - Bergen**

Må ta høgde for framleis vekst i passasjertalet på snøggbåtsambandet Knarvik – Frekhaug - Bergen

Snøggbåtsambandet Knarvik - Frekhaug - Bergen er ein suksess. Stadig fleire reisande nyttar dette tilbodet, noko som er svært gledeleg.

Tal frå Skyss viser denne utviklinga i talet på reisande sidan oppstart i januar 2014:

2014:	84 499	
2015:	101 203	(+20%)
2016:	121 197	(+20%)
1. halvår 2017:	72 618	(+17%)

For at denne store og positive veksten skal kunne halde fram er det viktig at Skyss aukar kapasitet og frekvens på dette sambandet. I dag blir snøggbåtsambandet Knarvik - Frekhaug - Bergen betjent av MS «Fjordkatt». Denne snøggbåten har kapasitet på 180 passasjerar. Med det stadig aukande talet på reisande er det truleg snakk om kort tid for kapasiteten på MS «Fjordkatt» blir for liten. Difor er det svært viktig at Skyss tar høgde for at kapasiteten på det som er «bybana» mellom Bergen og Nordhordland må aukast, både med omsyn til rutefrekvens og passasjertal.

Tidlegare i år måtte Skyss setje inn ein større snøggbåt på sambandet Kleppestø - Bergen. Bakgrunnen for det var at pendlarar ofte blei ståande igjen på kaien i Bergen i rushtida grunna for liten kapasitet på MS «Teisten» som då trafikkerte sambandet. Ein slik uheldig situasjon kan også bli ein realitet på snøggbåtsambandet Knarvik - Frekhaug - Bergen dersom kapasitet/frekvens ikkje blir auka.

Då fylkesutvalet 8. desember i fjor handsama saka «Konkurransesetting av kortsiktig kontrakt for bybåtsambanda Kleppestø - Strandkaien og Knarvik - Frekhaug - Bergen, sette underteikna på vegner av Høgre og Frp fram slikt forslag:

*«Fylkesutvalet legg til grunn at rutefrekvens/kapasitet vert tilpassa trafikkgrunnlaget».*  
Dette framlegget blei samrøystes vedtatt. Det er viktig at også fylkestinget er tydeleg i denne saka.»

Fung. fylkesordfører svarte slik:

«Båtsambandet Knarvik-Frekhaug-Bergen har sidan oppstart i 2014 vist ein god årleg vekst, med 20 prosent i 2015 og 2016. Passasjerteljing for 2017 til og med august viser at veksten held fram, men at den flatar noko ut samanlikna med tilsvarande periode for 2016. Totalt hittil i år viser 14 prosent vekst, medan tal frå juni og august månad viser høvesvis omlag 11 og 7 prosent vekst.

Rutetilbodet mellom Nordhordland og Bergen er i hovudsak retta mot pendlarar, og gir fire avgangar til Bergen om morgonen og tre avgangar i retur ettermiddag. I tillegg er det tre avgangar frå Bergen morgon og to avgangar ettermiddag frå Knarvik.

Ruta er typisk rushrelatert, noko som tydeleg kjem fram i reisetal på avgangsnivå. Om morgonen er etterspurnaden klart størst på dei to midtre avgangane mot Bergen. Ettermiddag frå Bergen er etterspurnaden størst på dei to siste avgangane. På dei andre avgangane er passasjertala relativt låge. Totalt sett er det med andre ord framleis ledig kapasitet, også i rush, men enkelte avgangar kan oppnå maks belegg.

Transportbehovet mellom Nordhordland og Bergen er venta å stige i åra framover, og kapasiteten i kollektivnettet må samla sett dimensjonerast for å kunne ta største delen av den komande trafikkveksten. Forholdet mellom buss og båt må då sjåast i samanheng. Trafikkgrunnlag, faktiske reisebehov og omsynet til kostnader og miljøeffektar er sentrale faktorar som må inngå i vidare plan for kollektivtilbodet.

Fylkesrådmannen vil leggje fram ein eigen trafikkplan for båt i utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet i oktober, der det mellom anna er gjort nærare greie for vurderingar og anbefalingar kring framtidig tilbod og miljøløysingar for dette sambandet. Trafikkplanen skal ligge til grunn i arbeidet med å førebu komande båtanbod.»

**Nils Marton Aadland (H)** sette fram slikt forslag:

«Hordaland fylkesting viser til den sterke veksten i talet på passasjerar på snøggbåtsambandet Knarvik - Frekhaug - Bergen, og oppmodar Skyss til å auka frekvens/kapasitet på dette sambandet i det nye anbodet.»

Fylkestinget vedtok samrøystes å realitetsbehandle forslaget og vedtok deretter samrøystes forslaget.

### **Vedtak**

Hordaland fylkesting viser til den sterke veksten i talet på passasjerar på snøggbåtsambandet Knarvik - Frekhaug - Bergen, og oppmodar Skyss til å auka frekvens/kapasitet på dette sambandet i det nye anbodet.

## 2. Aud Karin Oen (SV) hadde sendt inn slik interpellasjon:

### «Båtrute mellom Fjell og Bergen

Søndag 24. september skjedde det ei historisk båtreisa. 45 år etter at Sotrabrua vart opna og dampen frå Bergen til Brattholmen og Sotra gjekk sin siste tur var det endeleg igjen mogeleg å ta sjøvegen til Bergen.

Reisa gjekk frå Ågotnes til Strandkai terminalen på 25 minutt på den breiaste «vegen» i heile Noreg. Dette ekstra kollektivtilbodet var sett inn i samband med Sykkel-VM og var ein gedigen suksess. Passasjerane er nøgde og mange etterspør eit permanent tilbod.

Kurt Rune Andreassen på CCB har lenge vore positiv til å freista få til ei sjøbasert arbeidsrute mellom Ågotnes og Bergen. Basen kan brukast som utgangspunkt for ei båtrute, utan at det kjem i konflikt med baseaktivitetane uttalar han til Tunellsyn.

Med nye miljøkrav i hurtigbåtbransjen er tida no mogen for å løysa noko av dei køane som heile sotrasamfunnet slit med kvar einaste dag.

1. Vil fylkesordføraren gå i dialog med kommunar og næringsliv på Sotra for å kunne sjå på ei løysing med båtrute frå Ågotnes?»

Fung. fylkesordfører svarte slik:

«Med utfordringane som er i dagens vegnett og rv 555, registrerer fylkesordføraren at det er ønskje om båttilbod mellom Sotra og Bergen sentrum. Særleg gjeld det pendlarar som opplever køar og forseinkingar på denne strekninga. Fjell kommune sette inn båt mellom Ågotnes og Strandkaien på siste konkurransedag under Sykkel-VM, og dette har nok forsterka ønskje om fast båttilbod blant fleire av dei som nytta seg av tilbodet denne dagen.

Fylkesrådmannen vil leggje fram ein eigen trafikkplan for båt i utval for miljø og samferdsel og fylkesutvalet i oktober. Planen omhandlar mellom anna overordna vurderingar kring mogleg nytt båtsamband mellom Sotra og Bergen. Marknadsgrunnlag, reisemønster og reisetid, kostnader og miljø vil inngå i vurderingane.

Administrasjonen er i dialog med kommunane om trafikksituasjonen på rv 555, der båt er eitt av fleire tiltak som er løfta fram til diskusjon. Fylkesrådmannen vil komme attende med ei orientering om drøftingane.»

## 3. Terje Kollbotn (R) hadde sendt inn slik interpellasjon:

### «Etter Sykkel-VM

Sykkel-VM i Bergen er over. Det er på tide med ei grundig evaluering av arrangementet, både av alle positive og negative sider.

Her bør alle som har støtta arrangementet, inkludert fylkeskommunen bli involvert.

Spørsmål 1:

Korleis vil fylkesordføraren og administrasjonen involvere fylkespolitikarane og tilsette i ei slik evaluering?

Hordaland fylkeskommune har støtta arrangementet både økonomisk og med menneskelege ressursar.

Spørsmål 2:

Kva er den totale støtten, økonomisk, personalmessig og på andre måtar frå fylkeskommunen til sykkel-VM 2017?

Spørsmål 3:

Kor mykje har andre offentlege instansar – Bergen kommune (eventuelt andre kommunar), staten og andre – gitt i økonomisk og annan form for støtte til no?

Etter sykkel-VM har det kome fram at det kan bli eit underskot etter arrangementet og at det kan vere fare for at Norsk Sykkelforbund kan gå konkurs.

**Spørsmål 4:**

Kan det vere aktuelt for Hordaland fylkeskommune å gå inn med ytterlegare midlar for å dekkje eit eventuelt underskot?

Under sykkel-VM var deler av Bergen sentrum bilfri, og mange fleire nytta sykkel som framkomstmiddel i Bergen sentrum. Bergen by har tidlegare hatt dårlege resultat i vurderingar som sykkelby i Norge og Norden, m.a. frå Syklistenes Landsforbund.

**Spørsmål 5:**

Vil fylkesordføraren etter sykkel-VM ta eit raskt politisk initiativ ovafor fylkestinget, Bergen bystyre og det nye Stortinget for å få på plass ei storsatsing for å gjere Bergen til ein framtidretta sykkelby heile året?»

Fung. fylkesordførar svarte slik:

«Sykkel-VM i Bergen er over. Det er på tide med ei grundig evaluering av arrangementet, både av alle positive og negative sider.

Her bør alle som har støtta arrangementet, inkludert fylkeskommunen bli involvert.

**Spørsmål 1:**

Korleis vil fylkesordføraren og administrasjonen involvere fylkespolitikarane og tilsette i ei slik evaluering?

Svar:

Fylkesordføraren er kjent med det samla evalueringssopplegget etter Sykkel-VM 2017 i Bergen, men vil be fylkesrådmannen sørge for at det vert sett i gang ei evaluering innanfor fylkeskommunale oppgåver og tenester. Særskilt vil det vere viktig å vurdere korleis det ekstraordinære kollektivtransportsystemet og den trafikale omlegginga har fungert under arrangementet. Effekt og konsekvensar av gjennomførte tiltak vil gje kunnskap om den framtidige utforminga av transportsystemet i Bergen for å sikre nullvekstmålet for personbiltrafikken, og mulig trafikksanering i Bergen sentrum. Evalueringarbeidet vil verte lagt fram i fylkespolitiske organ.

1. Bergen 2017 skal levere ein arrangementsrapport etter UCI sin mal. Dette vert den offisielle arrangementsrapporten. Element i rapporten vert m.a. organisering, program for konkurransane, statistikk, media, visuell identitet, aktivitetar for befolkninga under og etter meisterskapen.
2. Ringverknadsanalyse Sykkel-VM: På oppdrag frå Bergen kommune, finansiert av Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og Bergen2017/Norges Cykleforbund, er det lyst ut ein konkurranse om gjennomføring av ein ringverknadsanalyse. I plangruppa/ oppfølgingsgruppa deltek representant for Hordaland fylkeskommune.
3. UCI har bestilt ein eigen ringverknadsanalyse. Denne vert utført av Ernst & Young gjennom Sport Call og er ein 4-årig avtale der dei ønskjer å måle den direkte økonomiske verknaden av UCI sine arrangement for vertsbyen/regionen.
4. Forskning på store idrettsarrangement  
NTNU – eit forskarteam knytt til store idrettsarrangement, bad om å kunne bruke sykkel-VM i forskinga si. Dei vil gjere ein analyse av dei økonomiske verknadane for arrangøren, dvs. kostnader og inntekter, om ulike faktorar og forhold som påverkar dei. Dette omfattar alle kostnader knytt til sjølve arrangementet, uavhengig av kven som betaler. Fokus er på dei direkte inntektene (dei som går til arrangøren), og såleis vert ikkje turistinntekter o.l. inkludert.

I deira analyse vil dei sjå på heile prosessen, dvs. frå idéen om å søke arrangementet kom opp og til gjennomføring av arrangementet. Kva inntekter og kostnader tok ein høgde for i starten og korleis har dette utvikla seg undervegs. Kva faktorar har influert budsjetteringsprosessen? Har det kome til nye oppgåver undervegs, har premissane endra seg, har det vore usemje mellom UCI og Bergen 2017 t.d. om fordeling av inntekter og

kostnader. Relasjonane mellom dei involverte interessentane vil verte analysert. Aktørar frå Hordaland fylkeskommune vil verte nytta som informantar i dette arbeidet.

### **Spørsmål 2:**

Hordaland fylkeskommune har støtta arrangementet både økonomisk og med menneskelege ressursar. Kva er den totale støtten, økonomisk, personalmessig og på andre måtar frå fylkeskommunen til sykkel-VM 2017?

Svar:

Ansvarsfordeling og finansielle forhold mellom Hordaland fylkeskommune og Bergen 2017 AS er regulert gjennom ein avtale signert av partane 4. august 2015. Jamfør avtalen skal Hordaland fylkeskommune støtte Bergen 2017 AS med 15 mill. kr.

I tillegg har Skyss berekna dei samla kostandene med det ekstraordinære kollektivtransporttilbodet under Sykkel-VM 2017 til 20 mill. kr. Innanfor dei samla løyvingane frå Kulturdepartementet til arrangementet er det sett av kr 12,7 mill. kr til tiltak for omlegging av kollektivtransporttilbodet. Det er dermed eit gap på 7,3 mill. kr mellom det statlege tilskotet og berekna kostnadsramme for det ekstraordinære kollektivtransporttilbodet. Dette avviket vil verte innarbeidd i Skyss sitt ordinære driftsbudsjett for 2017. Dersom det viser seg at rammene i driftsbudsjettet ikkje er tilstrekkelege, vil fylkesrådmannen komme attende med ei ny orientering.

På vegområdet har Bergen 2017 A/S gjennomført tiltak i løypetraseen på fylkesvegnettet innanfor eige budsjett. Fylkesordføraren legg til grunn at reetablering av refugar, fartsdumpar osb. også vert gjort i regi av Bergen 2017 A/S.

På kulturområdet vart det løyvd 2,5 mill.kr i fylkestinget sitt budsjettvedtak for 2017 til gjennomføring av kulturaktivitetar under Sykkel-VM 2017.

Til slutt vedtok fylkesutvalet å løyve kr 50.000,- til ei mottaking i samband med Sykkel-VM 2017 med Hordaland fylkeskommune som vertsskap.

Etter at UCI vedtok å tildele sykkel-VM til Bergen hausten 2014 etablerte Hordaland fylkeskommune ei samhandlingsgruppe om Sykkel-VM med deltakarar frå ulike avdelingar i fylkeskommunen (m.a. kultur og idrett, samferdsel, og regional) og eksterne aktørar, m.a. vertskommunane, Statens vegvesen, Bergen 2017, idrettsorganisasjonane og Naturvernforbundet.

«Alle Barn sykler» er eit opplæringsprogram i regi Norges Cykleforbund. Målet er å auke kvardagssyklinga til og på skulen, til fritidsaktivitetar og som trening. Programmet starta som eit pilotprosjekt for grunnskuleelevar i vertskommunane for Sykkel-VM hausten 2015 og er no opna for deltaking frå alle kommunar i Hordaland. Dette planlagt vidareført etter Sykkel-VM. Opplæringsprogrammet er støtta økonomisk av Hordaland fylkeskommune i perioden 2015-17 med totalt kr 1,2 mill. frå tilskotsordninga folkehelse/sykkelmanar. I tillegg er tiltaket støtta økonomisk av Trafikksikringsutvalet i Hordaland.

Bergen kommune har utvikla eit undervisningsopplegg der sykkeltema kan bli inkludert i alle fag til bruk i barnehagar, barne- og ungdomskular [www.sykkeliskolen.no](http://www.sykkeliskolen.no). Tiltaket er støtta med kr 300.000 frå Hordaland fylkeskommune (folkehelsemidlar). Det er rekruttert 160 sykkelambassadørar i skular i Bergen og omlandskommunane. Desse er planlagt vidareført som aktivitetsambassadørar i åra framover.

### **Spørsmål 3:**

Kor mykje har andre offentlege instansar – Bergen kommune (eventuelt andre kommunar), staten og andre – gitt i økonomisk og annan form for støtte til no?

Svar:

Som spørsmålsstillaren er inne på, er det fleire partar som har bidrege med finansiering av Sykkel-VM 2017 i Bergen. Dette omfattar både fleire offentlege partar og private sponsorar. Korleis dei samla inntektene til Bergen 2017 A/S har vore for planlegging og gjennomføring av Sykkel-VM 2017 vil framgå når selskapet legg fram rekneskapen for arrangementet.

Det som ulike partar har stilt til rådvelde i form av andre ytingar i samband med Sykkel-VM 2017 har fylkesordføraren ikkje oversikt over.



**Spørsmål 4:**

Etter Sykkel-VM har det kome fram at det kan bli eit underskot etter arrangementet og at det kan vere fare for at Norsk Sykkelforbund kan gå konkurs. Kan det vere aktuelt for Hordaland fylkeskommune å gå inn med ytterlegare midlar for å dekkje eit eventuelt underskot?

Svar:

I gjennomføringa av eit slikt arrangement vil det alltid vere usikkerheit knytt til budsjett for inntekter og kostnader. I sak om søknad om å arrangere Sykkel-VM gjorde fylkestinget i juni 2013, vedtak om ei usikkerheitsavsetjinga på 15,6 mill., der Hordaland fylkeskommune sin del utgjer 5,2 mill. kr. Fylkesordføraren vil ikkje no spekulere om det er aktuelt å dekkje eit eventuelt underskot i Bergen 2017 AS gjennom denne usikkerheitsavsetjinga, men vil avvente ein eventuell søknad frå selskapet om dette og påfølgjande handsaming i fylkestinget.

**Spørsmål 5:**

Under sykkel-VM var deler av Bergen sentrum bilfri, og mange fleire nytta sykkel som framkomstmiddel i Bergen sentrum. Bergen by har tidlegare hatt dårlege resultat i vurderingar som sykkelby i Norge og Norden, m.a. frå Syklistenes Landsforbund.

Vil fylkesordføraren etter sykkel-VM ta eit raskt politisk initiativ ovafor fylkestinget, Bergen bystyre og det nye Stortinget for å få på plass ei storsatsing for å gjere Bergen til ein framtidretta sykkelby heile året?

Svar:

Når det gjeld initiativ for å auka sykkelandelen i Bergen, viser eg til tiltak og verkemiddelbruk som ligg inne Byvekstavtalen for Bergen. Dette er ei avtalt satsing mellom Hordaland fylkeskommune, Statens vegvesen og Bergen kommune om transportpolitiske tiltak og byutvikling for å oppnå målet om nullvekst i personbiltrafikken i Bergen. Satsing på tiltak for å oppnå auka sykkelbruk er synleggjort og omtalt i denne avtalen.

Opplæringsprogramma «Alle Barn Sykler» og «Sykkel i skolen» vil verte vidareført. Det er lagt opp til ei evaluering av prosjekta i regi av Idrettscampus Bergen. Bergen kommune har kjøpt inn 6 nærmiljøanlegg for sykling (pump tracks) som er plassert som del av eksisterande anleggsparkar. Dette er pilotanlegg som heile fylket vil hauste erfaringar frå. Anlegga vert støtta av spelemiddelordninga som Hordaland fylkeskommune forvaltar.»

**SPØRSMÅL****1. Anne Beth Njærheim (V) hadde sendt inn slikt spørsmål:****«Snøggbåttilbodet i Sunnhordland**

Fleire som dagpendlar med Sunnhordlandsruta til Flesland/Bergen har sendt melding både til Skyss og til undertekna om at det er for liten kapasitet på båten enkelte dagar/avgangar i veka, noko som medfører at dei som kjem på båten på Flesland kai ikkje får vere med båten fordi det ikkje er nok plass. Vedlagt ligg korrespondanse ein pendlar har sendt til Skyss og deira svar.

Etter at flaggruta vart lagt ned vart det sett inn større båtar i Sunnhordlandsruta noko brukarane av dette tilbodet roser. Etter dette, så har passasjeretalet gått gradvis opp kvart einaste år, og måndag, torsdag og fredag er det særskilt mykje passasjerar.

Etter skolestart i august i år, så er det full båt ut frå Bergen kvar einaste fredag, og dei har rett og slett ikkje kapasitet til å ta om bord passasjerar på Flesland.

Fleire gangar har båten passert utan å gå innom. Snøggbåten «Admiral» ringer til bussane og gir beskjed om at båten er full, og tilbyr seg å køyre dei ned til Nesttun området til eit Kystbuss-stopp. Men det er mange passasjerar som kommer med taxi til Flesland, eller på anna vis. Desse vert då ståande att og må finne alternativ transport heim.

Kor mange som står att varierer, men det er ofte 30 - 40 passasjerar som vert råka av dette. Mange reiser ned til byn for å sikre seg plass på fredagane avgang 1610 frå Bergen.

Dagpendlarar frå t.d. Bømlo betaler 3060 kr pr. måned i pendlarkort til Skyss , og det kostar 800 kr å køyre heim til Bømlo tur/retur. Dette er sure pengar når ein eigentleg har betalt for å være med båten. Skyss svarer berre at dei ikkje har høve å reservere seter på denne ruta.

Snøggbåtane er en fantastisk måte å pendle til Sunnhordaland, og den bruker nøyaktig 1 time frå Flesland til Rubbestadneset. Slik det er nå, så er folk redde for plassmangel, og ytterlegare vekst vert hindra.

Spørsmål 1:

Er det mogleg å legge til rette for at dei som dagpendlar med mnd-.kort kan få høve til å reservere plass på snøggbåten?

Spørsmål 2:

Er det mogleg å få sett inn større snøggbåt på dei aktuelle dagar og ruter?

Hordaland fylkeskommune og Skyss har jo eit mål i sin kollektivstrategi at flest mogleg skal reise kollektivt. Og at vekst inn til Bergen skal skje med sykkel/gonge og KOLLEKTIV.»

Fung. fylkesordførar svarte slik:

«Skyss følgjer med på utviklinga på Sunnhordlandssambandet og vurderer ulike tiltak. Når det gjeld å auke kapasiteten, er dette eit spørsmål både om økonomi og om faktisk tilgang på fartøy.

Bruk av fartøyet på lokalbåtruta i Austevoll som suppleringsbåt er eit av tiltaka som er vurdert. Denne båtruta er i dag i rutegåande trafikk i det aktuelle tidsrommet. Dersom vi vel å flytte denne båten til anna trafikk, vil dette difor råke andre reisande. Båten er heller ikkje stor nok til å dekke kapasitetsbehovet på dei fredagane då det har vore flest attståande. I forkant av ei eventuell beslutning om å nytte dette fartøyet til suppleringsbåt, vil Skyss ha ein dialog med Austevoll kommune kring konsekvensar og moglege løysingar.

Eit bestillingssystem kan i prinsippet også vere eit mogleg tiltak, men heller ikkje her finst det enkle løysingar. Ved førehandsbestilling vil det vere fare for at reisande reserverer plass utan å møte opp. Eittersom mange reisande nyttar periodebilletter kan heller ikkje bestilling vere direkte knytt til billett kjøp.

Målet er å ha eit føreseieleg kollektivtilbod, og det vert arbeidd med å finne ei løysing for denne aktuelle saka innan ikkje altfor lang tid.»

**2. May Eva Sandvik (H)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

#### «Breibanddekning i fylket

Gode breibandsforhold er etter kvart vorte eit svært viktig verktøy for dei aller fleste, også i Hordaland.

Samfunnet har rigga seg slik at det er ein føresetnad for innbyggjarane og næringslivet at "nettet" fungerer. Det gjeld til dømes innan all undervisning på ulike nivå, velferdstenester, banktenester osv. Næringslivet er også heilt avhengig av «nettet» såvel sentralt som i distrikta.

Fleire og fleire innbyggjarar og næringsliv har no eit funksjonelt breiband anten via offentleg sektor/ kommersielle utbyggjarane eller privat. Men dette gjeld lagt i frå alle i fylket. HFK deler også ut midlar gjennom nasjonale tilskotsordningar og der det er mange søknader spesielt frå distrikta. (Desse søknadane vert handsama i KIRU).

For Hordaland Høgre er det svært viktig at arbeidet med utbygging av breibandet vert ferdigstilt slik at ein når målsettinga om at alle innbyggjarar skal ha tilfredsstillande nettilgang. Me veit også at dette er eit økonomisk spørsmål og at dette er eit spleiselag på ulike nivå.

1. For å nå dette målet er det viktig å ha ei kartlegging på dei «kvite» og lite tilfredsstillande områda i fylket. Har HFK det? Og i såfall, kva område er dette?
2. Kor mange husstander gjeld dette (ca.)?
3. Kva har det juridiske ansvaret for at innbyggjarane våre får tilfredsstillande breiband?»

Fung. fylkesordførar svarte slik:

«Rapporten «*Bredbåndsdekning 2017*», som er utarbeidd for Nasjonal kommunikasjonsmyndighet (NKOM) i september 2017, viser at rundt 99,98 % av norske husstandar og verksemder har tilbod om eit grunnleggjande breiband med minst 4 Mbit/s nedstraums kapasitet. Færre enn 1000 husstandar på landsbasis manglar eit slikt tilbod. I kartlegginga til NKOM går det fram at dei «*kvite områda*» i Hordaland ligg i Masfjorden kommune. Den 8. september 2017 fekk denne kommunen seks mill. kroner i tilskot frå NKOM for å byggja ut breiband i dei områda som manglar dekning i dag.

Nordhordland var fram til 2013 den regionen som hadde dårlegast dekning i Hordaland, men NKOM si tilskotsordning har bidrege til å retta opp i dette. Dei siste fire åra har det vore gjeve til saman 29,8 millionar kroner i tilskot til kommunane Austrheim, Lindås, Masfjorden, Meland og Radøy. Fylkesutvalet vedtok i mars i år (PS 84/2017) å tildela til saman tre millionar kroner til fire ulike utbyggingsprosjekt i kommunane Masfjorden, Samnanger og Vaksdal.

Skilnaden mellom det som vert definert som grunnleggjande breiband med minst 4 Mbit/s nedstraums kapasitet, og den breibanddekninga som innbyggjarar og verksemder treng i dagleglivet er likevel stor. I «*Meld. St. 27 (2015–2016) Digital agenda for Norge — IKT for en enklere hverdag og økt produktivitet*» (Ekoplanen), som fekk full tilslutning frå Stortinget 29. november 2016, er det talfesta eit mål om at 90 prosent av husstandane i Norge skal ha tilbod om minst 100 Mbit/s innan 2020.

På landsbasis har allereie 80 prosent av husstandane dekning på dette nivået. I Oslo er andelen 98 %, medan den i Hordaland er 84 prosent. Vårt fylke ligg på fjerde plass, bak Oslo, Akershus og Rogaland. Kartlegginga til NKOM viser at det er kommunane i Hardanger som er lengst unna å nå dette målet. Nokre av desse stadane er ikkje tilgjengeleg for fiberbasert breiband, men når nye frekvensar i 700 MHz-bandet skal auksjonerast ut innan 2018 vil dette sikra mobilt breiband med høg kapasitet også i griskrendte strøk.

Den største utfordringa for Hordaland i dag når det gjeld digital infrastruktur, er manglande kjernenett langs Vestlandet, og mellom Bergen og Oslo. Det manglar også alternative føringsveggar ut av landet. Begge delar vert det jobba med i administrasjonen, og det er varsla politisk sak som omhandlar dette i fylkesutvalet 26. oktober 2017.

Når det gjeld det juridiske ansvaret, så er det pr. i dag ikkje leveringsplikt på breibandtenester. Dette betyr at ingen nettoperatørar kan påleggjast å levera breiband på stader der dei ikkje ønsker å byggja ut. Tilskotsordninga til NKOM, supplert med midlane frå Hordaland fylkeskommune, er derfor meint å vera eit verkemiddel for å gje eit godt breibandtilbed der marknaden ikkje fungerer.»

**May Eva Sandvik (H)** sette på vegner av H fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Ber om at spørsmålet om breiband vert oversendt til relevant utval for vidare behandling.»

Sandvik sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

**3. May Eva Sandvik (H)** hadde sendt inn slikt spørsmål:

#### «**Lærlingar**

Hordaland fylkeskommune ved fagopplæringskontoret har først og fremst ansvar for fagopplæringa i fylket, der det vert gjeve opplæring til lærebedrifter og lærlingar gjennom læretida.

På heimesida til HFK vert det å lesa at «behovet for fagarbeidarar er stort i Hordaland» og at lærlingar og lære kandidatatar er ein viktig ressurs for arbeidslivet, og ein god måte å rekruttera framtidig arbeidskraft på.

Generelt har næringslivet rekruttert mange lærlingar, dette gjeld også i aukande grad kommunane. Men framleis er etterspørselen etter lære plasser større enn tilbodet, noko som fører til at mange unge ikkje får fullført utdanningsløpet.

Kor mange læreplasser har så HFK? I årsmeldinga for 2016 står det at talet er 27 . Dette er ikkje meir enn det ein middels stor kommune tar inn av lærlingar.

1. I kva fag er HFK godkjent som lærebedrift? Og kor mange lærlingar er det pr. i dag i dei godkjente faga?
2. Å auke opp tal lærlingar er sjølvstøtt også eit budsjettspørsmål. Men er det praktisk mulig for HFK å ta i mot fleire lærlingar?»

Fung. fylkesordførar svarte slik:

1. «Hordaland fylkeskommune er pt. godkjend som læreverksemd etter opplæringslova § 4-3 i følgjande 10 fag:

- Barne- og Ungdomsarbeidarfaget
- Byggedriftarfaget
- Dataelektronikfaget
- Hestefaget
- IKT-servicefaget
- Institusjonskokkfaget
- Kontor- og administrasjonsfaget
- Kokkfaget
- Reiselivsfasget
- Reinholdsooperatørfaget

Hausten 2017 har Hordaland fylkeskommune totalt 46 lærlingar og lære kandidat ar fordelt over alle faga, med flest innanfor IKT-servicefaget med 20 lærlingar.

2. Målet for 2018 er å stabilisere talet på interne lærlingar rundt 50 løpande kontraktar. Fylkesrådmannen vil ta høgde for dette i sitt framlegg til budsjett for 2018.

Ein ser vidare at det kan vere potensiale for fleire lærlingar innan kultursektoren, t.d. ved museum og institusjonar som Hordaland fylkeskommune samarbeider med, særleg knytt til dei «små og verneverdige faga».

## **PS 73/17 Forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) - Del II - Revisjonsrapport**

### **Forslag til innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) – Del II ber fylkestinget fylkesrådmannen og NDLA om syta for å:

1. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om relevante rutinar og internkontrolltiltak knytt til anskaffingar og innkjøp.
2. Etablere rutinar for fakturahandsaming som sikrar at det blir utført kontroll av at fakturaar frå leverandørar inneheld all naudsynt informasjon.
3. Fullføre arbeidet med å etablere rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret
4. Tydeleggjere overfor medarbeidarane i NDLA kven som har kva roller i samarbeidet når det gjeld innkjøp, samt korleis NDLA er organisert med omsyn til bestilling og avgjersler rundt utviklingsarbeid.
5. Gå gjennom og avklarar med dei ulike involverte partane korleis handsaming av personopplysningar om NDLA sine brukarar skal organiserast og dokumenterast, og inngår databehandlaravtalar som manglar for å sikre at handsaming av personopplysningar blir regulert i samsvar med gjeldande regelverk
6. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om system og rutinar for:
  1. Avviksmelding og -handtering.
  2. Varsling om kritikkverdige forhold.
7. Sikre at medarbeidarar som varslar om kritikkverdige forhold i samsvar med arbeidsmiljølova, blir følgt opp og teke hand om i samsvar med gjeldande føresegn om vern mot gjengjelding ved varsling.

8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.11.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Saksprotokoll i kontrollutvalet - 12.09.2017**

#### **Handsaming i møtet**

Partner i Deloitte, Stein Ove Songstad og forvaltningsrevisor i Deloitte, Iver Fiksdal, presenterte resultatet av den gjennomførte forvaltningsrevisjonen og svarte på spørsmål frå kontrollutvalet.

Dato for handlingsplan vert endra til 1.12.2017.

Kontrollutvalet ønskjer at Deloitte får 20 minuttar til å presentere revisjonsrapporten i fylkestinget 4.10.2017.

Forslag til innstilling, inkludert endring i dato i punkt 8, vart samrøystes vedteke.

#### **Innstilling**

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) – Del II ber fylkestinget fylkesrådmannen og NDLA om syta for å:

1. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om relevante rutinar og internkontrolltiltak knytt til anskaffingar og innkjøp.
2. Etablere rutinar for fakturahandsaming som sikrar at det blir utført kontroll av at fakturaar frå leverandørar inneheld all naudsynt informasjon.
3. Fullføre arbeidet med å etablere rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret
4. Tydeleggjere overfor medarbeidarane i NDLA kven som har kva roller i samarbeidet når det gjeld innkjøp, samt korleis NDLA er organisert med omsyn til bestilling og avgjersler rundt utviklingsarbeid.
5. Gå gjennom og avklarar med dei ulike involverte partane korleis handsaming av personopplysningar om NDLA sine brukarar skal organiserast og dokumenterast, og inngår databehandlaravtalar som manglar for å sikre at handsaming av personopplysningar blir regulert i samsvar med gjeldande regelverk
6. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om system og rutinar for:
  1. Avviksmelding og -handtering.
  2. Varsling om kritikkverdige forhold.
7. Sikre at medarbeidarar som varslar om kritikkverdige forhold i samsvar med arbeidsmiljølova, blir følgt opp og teke hand om i samsvar med gjeldande føresegn om vern mot gjengjelding ved varsling.
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017**

Partner Stein Ove Songstad frå Deloitte presenterte revisjonsrapporten.

Leiar i kontrollutvalet Inge Reidar Kallevåg (H) orienterte om arbeidet med saka i utvalet.

**Aud Karin Oen (SV)** sette på vegner av SV fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Ber om at det kjem ei sak om moglege politikarar inn i styret i NDLA, og korleis styret er samansett.»

**Roald Stenseide (Frp)** sette på vegner av Frp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Organiseringen av NDLA vurderes.»

#### **Røysting**

Stenseide sitt oversendingsforslag vart ikkje behandla.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Oen sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

## Vedtak

På bakgrunn av forvaltningsrevisjon av Nasjonal digital læringsarena (NDLA) – Del II ber fylkestinget fylkesrådmannen og NDLA om syta for å:

1. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om relevante rutinar og internkontrolltiltak knytt til anskaffingar og innkjøp.
2. Etablere rutinar for fakturahandsaming som sikrar at det blir utført kontroll av at fakturaar frå leverandørar inneheld all naudsynt informasjon.
3. Fullføre arbeidet med å etablere rutinar for kommunikasjon og rapportering mellom dagleg leiing og styret.
4. Tydeleggjere overfor medarbeidarane i NDLA kven som har kva roller i samarbeidet når det gjeld innkjøp, samt korleis NDLA er organisert med omsyn til bestilling og avgjersler rundt utviklingsarbeid.
5. Gå gjennom og avklarar med dei ulike involverte partane korleis handsaming av personopplysningar om NDLA sine brukarar skal organiserast og dokumenterast, og inngår databehandlaravtalar som manglar for å sikre at handsaming av personopplysningar blir regulert i samsvar med gjeldande regelverk.
6. Sikre at alle medarbeidarar i NDLA er tilstrekkeleg informert om system og rutinar for:
  1. Avviksmelding og -handtering.
  2. Varsling om kritikkverdige forhold.
7. Sikre at medarbeidarar som varslar om kritikkverdige forhold i samsvar med arbeidsmiljølova, blir følgt opp og teke hand om i samsvar med gjeldande føresegn om vern mot gjengjelding ved varsling.
8. Å laga ein prioritert handlingsplan til kontrollutvalet innan 01.12.2017 som viser kva tiltak som skal setjast i verk for å følgja opp tilrådingane i rapporten, når tiltaka skal setjast i verk og kven som skal ha ansvaret for iverksettinga.

## PS 74/17 Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger - Vedtak av regional plan

### Forslag til innstilling

1. Med heimel i plan- og bygningslova §8-4 vedtek Fylkestinget Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger med tilrådde endringar slik det no kjem fram av saksframlegget.
2. Planarbeidet har vore eit pilotprosjekt i høve til regional kystsoneplanlegging med retningsgjevande plankart. I neste regionale planstrategi skal det vurderast korleis planen med plankart har fungert og eventuelt behov for revisjon. Kommunane i planområdet skal trekkjast inn i vurderinga.
3. I tråd med Regional planstrategi får Fylkesutvalet ansvar for oppfølging av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Det skal utarbeidast eit meir detaljert 4-årig handlingsprogram som tar for seg oppfølging av planen.

### Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017

**Sigbjørn Framnes (Frp)** sette fram slikt forslag til vedtak på vegner av Frp, H og V::

«Saken tas til orientering.»

### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke med 7 røyster mot Framnes sitt forslag som fekk 4 røyster og fall.

## Innstilling

1. Med heimel i plan- og bygningslova §8-4 vedtek Fylkestinget Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger med tilrådde endringar slik det no kjem fram av saksframlegget.
2. Planarbeidet har vore eit pilotprosjekt i høve til regional kystsoneplanlegging med retningsgjevande plankart. I neste regionale planstrategi skal det vurderast korleis planen med plankart har fungert og eventuelt behov for revisjon. Kommunane i planområdet skal trekkjast inn i vurderinga.
3. I tråd med Regional planstrategi får Fylkesutvalet ansvar for oppfølging av Regional kystsoneplan for Sunnhordland og ytre Hardanger. Det skal utarbeidast eit meir detaljert 4-årig handlingsprogram som tar for seg oppfølging av planen.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20. og 21.09.2017

**Silje Hjemdal (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Planen sendes tilbake til fagavdelingen for ytterligere prosess opp mot de berørte kommunene. En slik plan vil være best tjent med at prosessen på utarbeidelse inkluderer kommunene på en god måte. Slik planen foreligger nå har den ikke forankring i flere av de berørte kommunene.»

- b) Planen skal peike på y-vegen som ei viktig ordning Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til overfor relevante utdanningsinstitusjonar og samarbeidspartnarar.
- c) Planen skal peike på ein «lokal samfunnskontrakt» som eit viktig bidrag til et tettare og meir forpliktande samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og partane i arbeidslivet.
- d) Planen skal vise til potensialet knytt til læreplassgarantiar for kvalifiserte søkjarar som eit verktøy i arbeidet med å møte framtidens kompetansebehov.
- e) Planen skal omtale at det er viktig å skape framtidens rett utdanningstilbod som legg vekt på bærekraft, miljøkrav og klimaomsyn. Her kan det vere riktig å ta initiativ til pilotprosjekt ved utvalde skular og institusjonar.
- f) Planen skal peike på at Hordaland fylkeskommune må utvikle ein eigen strategi knytt til marknadsføring av opplæringstilboda våre.
- g) Fylkestinget viser til målsetjingar og tiltak i regional plan for kompetanse og arbeidskraft. I handlingsprogrammet skal ein prioritere tiltak som skal utgreie nye løysingar der samarbeidspartnarane kan vurdere felles investeringar og drift av relevante utdanningstilbod i ulike deler av fylket. Det blir særskilt vist til tema industriutvikling, forskning og kompetanseutvikling knytt til det grønne skiftet.
- h) Planen skal vise til at det er viktig å oppnå ein betre kjønnsbalanse innanfor yrkesfaga - både på sjølvstendig grunnlag, men også som eit konkurransefortrinn.
- i) Planen skal omtale at studieforbunda er ein viktig opplæringsaktør når det gjeld etter- og vidareutdanning for vaksne, både innan fagopplæring med praksiskandidatordninga, innan fagskuleutdanningar og innan høgre utdanning.

Forslagsstillar føreset at fylkesrådmannen kan flette punkta inn i dokumentet der det er mest naturleg og supplere med utfyllande tekst der det er nødvendig.

Nytt punkt 2:

Utval for opplæring og helse og fylkesutvalet får ansvar for regional plan for kompetanse og arbeidskraft. På bakgrunn av planen sin tverrsektorielle natur vil rapportering også gå til utval for kultur, idrett og regional utvikling.»

**Rosalind Fosse (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Nytt punkt 4:

Hordaland fylkeskommune må styrke arbeidet med å gjere tilboda sine meir kjende for små og mellomstore bedrifter.»

### **Røysting**

Det var 55 representantar til stades.

Gadolin sitt forslag punkt 1 første avsnitt vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga punkt 1.

Gadolin sitt forslag punkt 1 a) fekk 43 røyster (A, KrF, Sp, SV, Frp, V, MDG, R) og vart vedteke.

Gadolin sitt forslag punkt 1 b) og c) vart samrøystes vedteke.

Gadolin sitt forslag punkt 1 d) fekk 48 røyster (A, KrF, Sp, SV, H, V, MDG, R) og vart vedteke.

Gadolin sitt forslag punkt 1 e), f) og g) vart samrøystes vedteke.

Gadolin sitt forslag punkt 1 h) fekk 48 røyster (A, KrF, Sp, SV, H, V, MDG, R) og vart vedteke.

Gadolin sitt forslag punkt 1 i) vart samrøystes vedteke.

Gadolin sitt forslag punkt 2 vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga punkt 2.

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.

Fosse sit forslag punkt 4 vart samrøystes vedteke.

### **Vedtak**

1. Med heimel i plan- og bygningslova § 8-4 vedtar fylkestinget Regional plan for kompetanse og arbeidskraft med tilrådde endringar slik det framgår av saksframlegget og med følgjande tillegg:
  - a) Planen skal ha eit eige delmål om at minst 50 prosent eller fleire av elevane i fylket bør velje yrkesfag.
  - b) Planen skal peike på y-vegen som ei viktig ordning Hordaland fylkeskommune skal ta initiativ til overfor relevante utdanningsinstitusjonar og samarbeidspartnarar.
  - c) Planen skal peike på ein «lokal samfunnskontrakt» som eit viktig bidrag til et tettare og meir forpliktande samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune og partane i arbeidslivet.
  - d) Planen skal vise til potensialet knytt til læreplassgarantiar for kvalifiserte søkjarar som eit verktøy i arbeidet med å møte framtidens kompetansebehov.
  - e) Planen skal omtale at det er viktig å skape framtidretta utdanningstilbod som legg vekt på bærekraft, miljøkrav og klimaomsyn. Her kan det vere riktig å ta initiativ til pilotprosjekt ved utvalde skular og institusjonar.
  - f) Planen skal peike på at Hordaland fylkeskommune må utvikle ein eigen strategi knytt til marknadsføring av opplæringstilboda våre.
  - g) Fylkestinget viser til målsetjingar og tiltak i regional plan for kompetanse og arbeidskraft. I handlingsprogrammet skal ein prioritere tiltak som skal utgreie nye løysingar der samarbeidspartnarane kan vurdere felles investeringar og drift av relevante utdanningstilbod i ulike deler av fylket. Det blir særskilt vist til tema industriutvikling, forskning og kompetanseutvikling knytt til det grønne skiftet.
  - h) Planen skal vise til at det er viktig å oppnå ein betre kjønnsbalanse innanfor yrkesfaga - både på sjølvstendig grunnlag, men også som eit konkurransefortrinn.
  - i) Planen skal omtale at studieforbunda er ein viktig opplæringsaktør når det gjeld etter- og vidareutdanning for vaksne, både innan fagopplæring med praksiskandidatordninga, innan fagskuleutdanningar og innan høgre utdanning.

Fylkesrådmannen kan flette punkta inn i dokumentet der det er mest naturleg og supplere med utfyllande tekst der det er nødvendig.

2. Utval for opplæring og helse og fylkesutvalet får ansvar for regional plan for kompetanse og arbeidskraft. På bakgrunn av planen sin tverrsektorielle natur vil rapportering også gå til utval for kultur, idrett og regional utvikling.

3. Fylkesrådmannen får fullmakt til gjere språklege endringar, samt rette opp og oppdatere tal og statistikk i tekst og figurar/tabellar.
4. Hordaland fylkeskommune må styrke arbeidet med å gjere tilboda sine meir kjende for små og mellomstore bedrifter.

## **PS 85/17 Evaluering av Bybanen - utgreiing av drift i eigenregi**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner at drifta av Bybanen vert konkurranseutsett.
2. Fylkestinget godkjenner at vedlikehaldsavtalen med Stadler vert vidareført ut avtaleperioden.
3. Fylkestinget godkjenner at fylkesrådmannen får fullmakt til å setja i verk organisasjonsendringane i samsvar med vedtaket i saka.

### **Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017**

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, A, KrF og Sp fram slikt forslag:

«Alternativt forslag:

1. Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram ein ny utgreiing av eigenregi til utval for miljø og samferdsel (MISA). Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet skal sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbanelovgiving, og korleis protokollar og vedtekter kan utformast. I arbeidet bør det verte trekt på gode erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo, og ein bør engasjere utgreiarar med erfaring frå og kunnskap om skinnegåande transport. Utgreiinga må også vise kva dei økonomiske konsekvensane ein slik modell fører med seg.
2. MISA ønskjer ei orientering i neste møte der direktør i Oslo Sporveier kan orientere om Oslo sine erfaringar og kvifor Oslo valde å gå vidare med drift i eigen regi.»

### **Røysting**

Hammer sitt forslag fekk 9 røyster (SV, A, Sp, KrF, MDG) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet. Fylkesrådmannen sitt forslag fekk 6 røyster (H, Frp, V) og fall.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram ein ny utgreiing av eigenregi til utval for miljø og samferdsel (MISA). Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet skal sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbanelovgiving, og korleis protokollar og vedtekter kan utformast. I arbeidet bør det verte trekt på gode erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo, og ein bør engasjere utgreiarar med erfaring frå og kunnskap om skinnegåande transport. Utgreiinga må også vise kva dei økonomiske konsekvensane ein slik modell fører med seg.
2. MISA ønskjer ei orientering i neste møte der direktør i Oslo Sporveier kan orientere om Oslo sine erfaringar og kvifor Oslo valde å gå vidare med drift i eigen regi.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017**

Mona Røsvik Strømme (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Bybanen AS. Strømme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Mona Røsvik Strømme gjekk frå under behandlinga av saka. Stein Inge Ryssdal møtte for Strømme i saka.

Fylkesordføreren bad om at møteprotokollen for utval for miljø og samferdsel vert endra slik at punkt 2 i innstillinga vert protokollert som vedtak.

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av Frp og H fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget godkjenner at drifta av Bybanen vert konkurranseutsett.
2. Fylkestinget godkjenner at vedlikeholdsavtalen med Stadler vert vidareført ut avtaleperioden.
3. Fylkestinget godkjenner at fylkesrådmannen får fullmakt til å setja i verk organisasjonsendringane i samsvar med vedtaket i saka.»

**Roald Kvamme (A)** sette på vegner av A, SV, Sp og KrF fram slikt forslag:

«Alternativ:

Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram en ny utgreiing av eigenregi. Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet kan sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbanelovgivning.

Arbeidet skal gjere greie for erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo.

Utgreiinga skal gjere greie for selskapsrettslege tilhøve, drift av sporveg, spørsmål knytt til skatt og moms, samt juridiske forhold knytt til jernbanetekniske tilhøve. Utgreiinga må også vise kva økonomiske endringar ein slik modell fører med seg for Hordaland fylkeskommune, herunder synergjar ved å organisere drift i same konsern.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Fylkesutvalet blir invitert til orienteringa bestilt av utval for miljø og samferdsel.»

### **Røysting**

Innstillinga punkt 1 fekk ingen røyster og fall.

Kvamme sitt forslag fekk 9 røyster (A, MDG, SV, Sp, KrF) og vart vedteke som innstilling til fylkestinget.

Hjemdal sitt forslag fekk 6 røyster (Frp, H, V) og fall.

Tomren sitt forslag fekk 1 røyst og fall.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram en ny utgreiing av eigenregi. Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet kan sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbanelovgivning.

Arbeidet skal gjere greie for erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo.

Utgreiinga skal gjere greie for selskapsrettslege tilhøve, drift av sporveg, spørsmål knytt til skatt og moms, samt juridiske forhold knytt til jernbanetekniske tilhøve. Utgreiinga må også vise kva økonomiske endringar ein slik modell fører med seg for Hordaland fylkeskommune, herunder synergjar ved å organisere drift i same konsern.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017**

Mona Røsvik Strømme (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Bybanen AS.

Strømme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil. Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme var inhabil, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Mona Røsvik Strømme gjekk frå under behandlinga av saka.

Det var 54 representantar til stades.

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Fylkestinget godkjenner at drifta av Bybanen vert konkurranseutsett.
2. Fylkestinget godkjenner at vedlikehaldsavtalen med Stadler vert vidareført ut avtaleperioden.
3. Fylkestinget godkjenner at fylkesrådmannen får fullmakt til å setja i verk organisasjonsendringane i samsvar med vedtaket i saka.»

**Terje Kollbotn (R)** sette på vegner av R fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Utgreiinga skal sjå nærare på konsekvensen for løns- og arbeidstilhøve, pensjonsrettar og kompetanseutvikling, ved ein modell for drift i eigenregi samanlikna med konkurranseutsetjing.»

### **Røysting**

Innstillinga vart vedteken med 33 røyster mot 21 røyster (Frp, 11H, V) for Stenseide sitt forslag. Kolbotn sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### **Vedtak**

Fylkesrådmannen vert beden om å leggje fram en ny utgreiing av eigenregi. Den nye utgreiinga må vise korleis eigenregikonsernet kan sjå ut, korleis rollefordelinga, pengestraum, tryggleiks- og leverandøransvar kan organiserast eintydig og i samsvar med selskapsrett og jernbanelovgivning.

Arbeidet skal gjere greie for erfaringar frå organiseringa av trikk og T-bane i Sporveien i Oslo.

Utgreiinga skal gjere greie for selskapsrettslege tilhøve, drift av sporveg, spørsmål knytt til skatt og moms, samt juridiske forhold knytt til jernbanetekniske tilhøve. Utgreiinga må også vise kva økonomiske endringar ein slik modell fører med seg for Hordaland fylkeskommune, herunder synergjar ved å organisere drift i same konsern.

## **PS 86/17 Sal av eigedom i Steinsdalsvegen i Norheimsund**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget godkjenner sal av eigedomen Steinsdalsvegen 187 i Norheimsund.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 7.000.000.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017**

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

1. Fylkestinget godkjenner sal av eigedomen Steinsdalsvegen 187 i Norheimsund.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 7.000.000.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

## Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### Vedtak

1. Fylkestinget godkjenner sal av eigedomen Steinsdalsvegen 187 i Norheimsund.
2. Fylkesrådmannen får fullmakt til å akseptere bod lik eller høgare enn 90 % av prisønske som er kr 7.000.000.
3. Dersom høgaste bod er lågare enn 90 % av prisønske, kan fylkesutvalet ta avgjerd om salet.

## PS 87/17 Endringar i "Reglement om godtgjersle til folkevalde i Hordaland fylkeskommune"

### Forslag til innstilling

Det vert gjort slike endringar i «Reglement om godtgjersle for folkevalde i Hordaland fylkeskommune»:

Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle, 8. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Pkt.4.1 Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle, 8.og 9. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Dersom ein har frávær i meir enn 25 % av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarande det totale fráværet. Dersom fráværet skuldast anna fylkeskommunal verksemd, sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet. Godtgjersla vert i alle høve ikkje betalt utover den perioden ein er vald for. Fylkesordføraren avgjer om fráværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ikkje.

Godtgjersle utbetalt under sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon, jf avsnittet ovanfor, skal samordnast med eventuelle ytingar frå NAV. Tilkjente ytingar frå NAV vert å betala attende til Hordaland fylkeskommune.

Grunnen til fráværet skal opplysast. Fylkesordføraren avgjer om fráværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ei.

Pkt 5.2.1 Erstatning for påførte utgifter, 4. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Oppheld den folkevalde seg utanom fylket vert det berre dekkja reiseutgifter frå heimstaden i fylket.

Dersom den folkevalde mellombels oppheld seg utanfor fylket på grunn av arbeid, utdanning eller på grunn av verneplikt og liknande, skal ein likevel få dekkja reiseutgifter. Med mellombels vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år. Ein må i kvart høve vurdere totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekkja dette og om dei er naudsynte.

Fylkesordføraren kan godkjenna unntak frå dette.

Pkt 6 Gruppeleiargodtgjersle får tillegg i nytt siste avsnitt med slik ordlyd:

Ved frávær gjeld tilsvarande reglar som for fast årleg godtgjersle, jf punkt 4.1.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle, 8. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Pkt.4.1 Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle, 8.og 9. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Dersom ein har frávær i meir enn 25 % av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarande det totale fráværet. Dersom fráværet skuldast anna fylkeskommunal verksemd, sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet. Godtgjersla vert i alle høve ikkje betalt utover den perioden ein er vald for. Fylkesordføraren avgjer om fráværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ikkje.

Godtgjersle utbetalt under sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon, jf avsnittet ovanfor, skal samordnast med eventuelle ytingar frå NAV. Tilkjente ytingar frå NAV vert å betala attende til Hordaland fylkeskommune.

Grunnen til fráværet skal opplysast. Fylkesordføraren avgjer om fráværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ei.

Pkt 5.2.1 Erstatning for påførte utgifter, 4. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Oppheld den folkevalde seg utanom fylket vert det berre dekka reiseutgifter frå heimstaden i fylket.

Dersom den folkevalde mellombels oppheld seg utanfor fylket på grunn av arbeid, utdanning eller på grunn av verneplikt og liknande, skal ein likevel få dekka reiseutgifter. Med mellombels vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år. Ein må i kvart høve vurdera totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekka dette og om dei er naudsynte.

Fylkesordføraren kan godkjenne unntak frå dette.

Pkt 6 Gruppeleiargodtgjersle får tillegg i nytt siste avsnitt med slik ordlyd:

Ved frávær gjeld tilsvarande reglar som for fast årleg godtgjersle, jf punkt 4.1.

## Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

**Roald Stenseide (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Punkt 5.2.1: Erstatning av påførte utgifter 4. avsnitt blir endret slik:

Oppholder folkevalgte seg utenfor fylket grunnet arbeid, utdanning eller på grunn av verneplikt eller lignende, skal nødvendige reiseutgifter dekkes. En må i hvert tilfelle vurdere totalkostnadene ut fra hva som er rimelig og nødvendig.

Fylkesordføreren kan godkjenne unntak.»

**Benthe Bondhus (Sp)** sette fram slikt forslag:

«Endring punkt 5.2, andre avsnitt (endringa står i kursiv):

Dersom den folkevalde mellombels oppheld seg utanfor fylket, *men innanlands*, på grunn av arbeid, utdanning eller på grunn av verneplikt og liknande, skal ein likevel få dekka reiseutgifter. Med mellombels vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år. Ein må i kvart høve vurdera totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekka dette og om dei er naudsynte.»

Bondhus trekte forslaget sitt.

## **Røysting**

Innstillinga punkt 4.1 vart samrøystes vedteken.

Innstillinga punkt 5.2.1 vart vedteken med 50 røyster mot 7 røyster (Frp) for Stenseide sitt forslag.

Innstillinga punkt 6 vart samrøystes vedteken.

## **Vedtak**

Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle, 8. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Pkt. 4.1 Fylkeskommunale tillitsverv med fast årleg godtgjersle, 8.og 9. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Dersom ein har frávær i meir enn 25 % av møta, vert den faste godtgjersla redusert tilsvarande det totale fráværet. Dersom fráværet skuldast anna fylkeskommunal verksemd, sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon vert det ingen reduksjon i den faste godtgjersla. Føresetnaden er at ein har teke til i vervet. Godtgjersla vert i alle høve ikkje betalt utover den perioden ein er vald for. Fylkesordføraren avgjer om fráværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ikkje.

Godtgjersle utbetalt under sjukdom eller fødsels- og adopsjonspermisjon, jf avsnittet ovanfor, skal samordnast med eventuelle ytingar frå NAV. Tilkjente ytingar frå NAV vert å betala attende til Hordaland fylkeskommune.

Grunnen til fráværet skal opplysast. Fylkesordføraren avgjer om fráværet skal telja med i dei 25 prosentane eller ei.

Pkt. 5.2.1 Erstatning for påførte utgifter, 4. avsnitt vert endra til slik ordlyd:

Oppheld den folkevalde seg utanom fylket vert det berre dekka reiseutgifter frå heimstaden i fylket.

Dersom den folkevalde mellombels oppheld seg utanfor fylket på grunn av arbeid, utdanning eller på grunn av verneplikt og liknande, skal ein likevel få dekka reiseutgifter. Med mellombels vert det lagt til grunn at dette er inntil 2 år. Ein må i kvart høve vurdere totalkostnadane ut frå om det er rimeleg å dekka dette og om dei er naudsynte.

Fylkesordføraren kan godkjenna unntak frå dette.

Pkt. 6 Gruppeleiargodtgjersle får tillegg i nytt siste avsnitt med slik ordlyd:

Ved frávær gjeld tilsvarande reglar som for fast årleg godtgjersle, jf punkt 4.1.

**Roald Stenseide (Frp)** varsla lovlegkontroll av vedtaket, punkt 5.2.1.

## **PS 88/17 Godtgjersle til folkevalde - justering av satsane i 2017**

### **Forslag til innstilling**

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,4 % pr. 1. mai 2017 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv vert fastsett til kr 911 400,-.

Satsane for tapt arbeidsforteneste og møtegodtgjersle vert auka med 2,4 %.

### **Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkestinget.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,4 % pr. 1. mai 2017 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv vert fastsett til kr 911 400,-.



## Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

Innstillinga vart vedteken mot 4 røyster (R, SV).

### Vedtak

Fylkestinget godkjenner at godtgjerslene for politisk arbeid vert auka med 2,4 % pr. 1. mai 2017 og at utrekningsgrunnlaget for politiske verv vert fastsett til kr 911 400,-.

## PS 89/17 Rapport evaluering av museumsreforma i Hordaland

### Forslag til innstilling

Eit føremål med ei slik evaluering er at den kan gi grunnlag for justeringar og endringar i den regionale museumspolitikken. I tillegg vil ho vere eit viktig reiskap for dei ti konsoliderte musea i høve egne prioriteringar og strategiar.

1. Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport *Evaluering av museumsreformen i Hordaland* til vitande.
2. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellestenester kjem positivt ut.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikktutforming og satsing i åra 2019-2025. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.
4. Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar.

## Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017

Kjell Håland (A) hadde følgjande forslag til vedtak på vegner av a, Krf og Sp:

«Nytt pkt. 3:

Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikktutforming og satsing i åra 2019-2025. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrka friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.»

### Røysting

Fylkesrådmanne sitt forslag til pk.1,2 og 4 vart samrøystes vedteke.

Håland sitt forslag til pkt.3 vart samrøystes vedteke mot fylkesrådmannen sitt forslag som fall.

### Innstilling

1. Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport *Evaluering av museumsreformen i Hordaland* til vitande.
2. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellestenester kjem positivt ut.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikktutforming og satsing i åra 2019-2025. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrka friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.
4. Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017

Følgjande stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Nils Marton Aadland (H) er styreleiar i Museumssenteret Hordaland
- Aud Karin Oen (SV) er styremedlem i Museum Vest
- Benthe Bondhus (Sp) er styremedlem i Baroniet Rosendal

Aadland, Oen og Bondhus gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Nils Marton Aadland, Aud Karin Oen og Benthe Bondhus var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e.

Aadland, Oen og Bondhus gjekk frå under behandlinga av saka. Det var 12 representantar til stades.

### Røysting

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

### Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport *Evaluering av museumsreformen i Hordaland* til vitande.
2. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellestenester kjem positivt ut.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikktutforming og satsing i åra 2019-2025. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrka friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.
4. Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar.

## Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

Følgjande stilte spørsmål om dei var inhabile:

- Nils Marton Aadland (H) er styreleiar i Museumssenteret Hordaland
- Aud Karin Oen (SV) er styremedlem i Museum Vest
- Benthe Bondhus (Sp) er styremedlem i Baroniet Rosendal
- Åse Gunn Husebø (A) er varamedlem i styret for Kystmuseet i Øygarden, som er ein del av Museum Vest og har møtt i styret
- Jon Askeland (Sp) er varamedlem i styret for Museumssenteret Hordaland og har møtt i styret
- Gustav Bahus (H) er styreleiar i Hordamuséet
- May Eva Sandvik (H) er varamedlem i styret for Sunnhordland Museum og har møtt i styret

Aadland, Oen, Bondhus, Husebø, Askeland, Bahus og Sandvik gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om dei var inhabile.

Det var 48 representantar til stades.

### Røysting (spørsmål om inhabilitet)

Fylkestinget vedtok samrøystes at Nils Marton Aadland, Aud Karin Oen, Benthe Bondhus, Åse Gunn Husebø og Jon Askeland var inhabile, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Fylkestinget vedtok samrøystes at Gustav Bahus ikkje var inhabil fordi Hordamuséet ikkje er part i saka, jf. forvaltningslova § 6, 1. ledd e).

Gustav Bahus tiltredde saksbehandlinga.

## Røysting

Det var 46 representantar til stades.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

## Vedtak

1. Fylkestinget tek Agderforskning sin rapport *Evaluering av museumsreforma i Hordaland* til vitande.
2. Fylkestinget ser at musea i Hordaland har nådd mange av måla for reforma, og merker seg at den regionale satsinga på fellestenester kjem positivt ut.
3. Fylkestinget ber fylkesrådmannen legge fram forslag til tiltak som grunnlag for politikktutforming og satsing i åra 2019-2025. Fylkestinget ber fylkesrådmannen ha særleg fokus på organisering og på korleis ein kan styrka friviljugheita etter konsolideringa. Dette må gjerast i samarbeid med musea og representantar frå utvalde kommunar.
4. Fylkestinget ber musea ta evalueringa opp til handsaming som grunnlag for vurdering av ytterlegare konsolideringar.

## PS 90/17 Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusser i Hordaland

### Forslag til innstilling

1. Fylkestinget stiller seg bak tilrådingane i «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusser i Hordaland». Med desse ambisjonane blir busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020, og i heile Hordaland innan 2027. CO<sub>2</sub>-utsleppa blir redusert med minst 60 prosent innan 2025. For å nå målsettinga skal følgjande tiltak iverksetjast:
  - Gradvis innføring av elektrisk drift på utvalde busslinjer i Bergen mellom 2020 og 2025, dette inneber mellom anna ei forlenging av trolley-nettet. Elektrifisering vil erstatte om lag ti prosent av det totale energiforbruket til bussane i fylket i dag.
  - Bruk av all biogass frå Bergen kommune sitt anlegg i Rådalen til bussdrifta i kontraktsområde Bergen nord så snart som råd. I førebuing av alle bussanbod skal tilgang og pris på lokalprodusert biogass vurderast.
  - Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff.
2. Fylkestinget legg til grunn at finansiering av gjennomføring av tiltak innanfor Bergen blir finansiert gjennom den nye byvekstavtalen for Bergen.
3. I oppfølginga av «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusser i Hordaland» må ambisjonar og gjennomføringsplanar kontinuerleg bli tilpassa utviklinga i teknologi, kostnadsnivå og erfaringar.

### Saksprotokoll i utval for miljø og samferdsel - 07.09.2017

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV og MDG fram slikt forslag:

«Tillegg punkt 1, tredje kulepunkt (tillegget står i kursiv):

Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. *Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).*»

## Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag med Hammer sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

## Innstilling til fylkesutvalet

1. Fylkestinget stiller seg bak tilrådingane i «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland». Med desse ambisjonane blir busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020, og i heile Hordaland innan 2027. CO<sub>2</sub>-utsleppa blir redusert med minst 60 prosent innan 2025. For å nå målsettinga skal følgjande tiltak iverksetjast:
  - Gradvis innføring av elektrisk drift på utvalde busslinjer i Bergen mellom 2020 og 2025, dette inneber mellom anna ei forlenging av trolleyneettet. Elektrifisering vil erstatte om lag ti prosent av det totale energiforbruket til bussane i fylket i dag.
  - Bruk av all biogass frå Bergen kommune sitt anlegg i Rådalen til bussdrifta i kontraktsonråde Bergen nord så snart som råd. I førebuing av alle bussanbod skal tilgang og pris på lokalprodusert biogass vurderast.
  - Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).
2. Fylkestinget legg til grunn at finansiering av gjennomføring av tiltak innanfor Bergen blir finansiert gjennom den nye byvekstavtalen for Bergen.
3. I oppfølginga av «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland» må ambisjonar og gjennomføringsplanar kontinuerleg bli tilpassa utviklinga i teknologi, kostnadsnivå og erfaringar.

## Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017

Mona Røsvik Strømme (H) stilte spørsmål om ho var inhabil fordi ho er styremedlem i Bybanen AS, som har ansvaret for trolleybussane i Bergen. Strømme gjekk frå under vurderinga av spørsmålet om ho var inhabil.

Fylkesutvalet vedtok samrøystes at Mona Røsvik Strømme ikkje var inhabil etter forvaltningslova § 6, 1. og 2. ledd. Strømme tiltredde saksbehandlinga.

**Silje Hjemdal (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Fylkestinget legger til grunn at tiltakene blir finansiert utan at det går ut over bilistene med bompenger.»

## Røysting

Innstillinga punkt 1 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Innstillinga punkt 2 vart vedteken som innstilling til fylkestinget med 13 røyster mot 2 røyster (Frp) for Hjemdal sitt forslag.

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

## Innstilling til fylkestinget

1. Fylkestinget stiller seg bak tilrådingane i «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland». Med desse ambisjonane blir busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020, og i heile Hordaland innan 2027. CO<sub>2</sub>-utsleppa blir redusert med minst 60 prosent innan 2025. For å nå målsettinga skal følgjande tiltak iverksetjast:
  - Gradvis innføring av elektrisk drift på utvalde busslinjer i Bergen mellom 2020 og 2025, dette inneber mellom anna ei forlenging av trolleyneettet. Elektrifisering vil erstatte om lag ti prosent av det totale energiforbruket til bussane i fylket i dag.
  - Bruk av all biogass frå Bergen kommune sitt anlegg i Rådalen til bussdrifta i kontraktsonråde Bergen nord så snart som råd. I førebuing av alle bussanbod skal tilgang og pris på lokalprodusert biogass vurderast.

- Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).
2. Fylkestinget legg til grunn at finansiering av gjennomføring av tiltak innanfor Bergen blir finansiert gjennom den nye byvekstavtalen for Bergen.
  3. I oppfølginga av «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland» må ambisjonar og gjennomføringsplanar kontinuerleg bli tilpassa utviklinga i teknologi, kostnadsnivå og erfaringar.

### Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017

**Marthe Hammer (SV)** sette på vegner av SV, MDG og V fram slikt forslag:

«Forslag (a):  
Tillegg punkt 1, andre setning: endre "2027" til "2025".

(Setninga blir då:  
Med desse ambisjonane blir busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020, og i heile Hordaland innan 2025.)

Forslag (b):  
Tillegg punkt 1, tredje kulepunkt. Ny setning i tillegg til eksisterande tekst. (Tillegget står i kursiv):

*Fossilt drivstoff skal bytast ut med fossilfritt drivstoff innanfor eksisterande kontraktar, for å følgje opp Stortingets mål om tilnærma utsleppsfri kollektivtrafikk i 2025. Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).»*

**Gustav Bahus (Frp)** sette fram slikt forslag:

«Alternativ til punkt 2:

Fylkestinget legger til grunn at tiltakene blir finansiert utan at det går ut over bilistene med bompenger.»

**Silja Ekeland Bjørkly (H)** sette fram slikt forslag:

«Nytt 3. kulepunkt under punkt 1, erstattar første setning i 3. kulepunkt under punkt 1 i innstillinga frå fylkesutvalet:

Det er ei målsetting at fossilt drivstoff skal bytast ut med fossilfritt drivstoff innan 2025. Biodrivstoffandelen vera på 40 % av berekraftig drivstoff innan 2030, men må sjåast i samanheng med tilgangen på berekraftig biodrivstoff.»

Bjørkly trekte forslaget sitt.

### Røysting

Det var 52 representantar til stades.

Hammer sitt forslag (a) vart samrøystes vedteke mot ingen røyster for innstillinga punkt 1, andre setning. Innstillinga punkt 1, første og andre kulepunkt samrøystes vedteke.

Hammer sitt forslag (b), tredje kulepunkt vart vedteke med 46 røyster mot 6 røyster (Frp) for innstillinga, tredje kulepunkt.

Innstillinga punkt 2 vart vedteken med 45 røyster mot 7 røyster (Frp, R) for Bahus sitt forslag.

Innstillinga punkt 3 vart samrøystes vedteken.

## Vedtak

1. Fylkestinget stiller seg bak tilrådingane i «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland». Med desse ambisjonane blir busstrafikken i Bergen fossilfri innan 2020, og i heile Hordaland innan 2025. CO<sub>2</sub>-utsleppa blir redusert med minst 60 prosent innan 2025. For å nå målsettinga skal følgjande tiltak iverksetjast:
  - Gradvis innføring av elektrisk drift på utvalde busslinjer i Bergen mellom 2020 og 2025, dette inneber mellom anna ei forlenging av trolleynett. Elektrifisering vil erstatte om lag ti prosent av det totale energiforbruket til bussane i fylket i dag.
  - Bruk av all biogass frå Bergen kommune sitt anlegg i Rådalen til bussdrifta i kontraktsområde Bergen nord så snart som råd. I førebuing av alle bussanbod skal tilgang og pris på lokalprodusert biogass vurderast.
  - Fossilt drivstoff skal bytast ut med fossilfritt drivstoff innanfor eksisterande kontraktar, for å følgje opp Stortingets mål om tilnærma utsleppsfri kollektivtrafikk i 2025. Der det ikkje er tilrådd å elektrifisere bussdrifta, eller å nytte biogass, skal det stillast krav om berekraftssertifisert biodrivstoff. Det skal ikkje nyttast palmeolje eller biprodukt frå palmeoljeproduksjon (som CPO og PFAD).
2. Fylkestinget legg til grunn at finansiering av gjennomføring av tiltak innanfor Bergen blir finansiert gjennom den nye byvekstavtalen for Bergen.
3. I oppfølginga av «Temaplan: Låg- og nullutsleppsbusar i Hordaland» må ambisjonar og gjennomføringsplanar kontinuerleg bli tilpassa utviklinga i teknologi, kostnadsnivå og erfaringar.

## PS 91/17 Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme i Hordaland

### Forslag til innstilling

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* slik den ligg føre.

### Saksprotokoll i yrkesopplæringsnemnda - 29.08.2017

#### Tilråding frå yrkesopplæringsnemnda:

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* slik den ligg føre.

### Saksprotokoll i utval for opplæring og helse - 05.09.2017

#### Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### Innstilling til fylkesutvalet

Fylkesutvalet sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* slik den ligg føre.

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 20.og 21.09.2017

**Silje Hjemdal (Frp)** sette på vegner av Frp fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Fylkesutvalget ønsker en god orientering, evt. et miniseminar om hvordan man arbeider med forebygging av radikaliserings. F.eks. kan Politi, Regionalt ressurscenter om vold, traumatisk stress og selvmordsforebygging (RVTS), Bergen kommune osv. inviteres for å orientere om sitt arbeid, og ikke minst samarbeid.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette fram slikt forslag:

«Planen vert handsama i fylkestinget.»

**Tom Sverre Tomren (MDG)** sette på vegner av MDG fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Planen bør reflektere korleis Hordaland fylkeskommune kan styrke handlingsplanarbeidet for forebygging av radikaliserings i kommunane i Hordaland.»

### **Røysting**

Tomren sitt forslag vart samrøystes vedteke.

Innstillinga vart samrøystes vedteken som innstilling til fylkestinget.

Tomren sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

Hjemdal sitt oversendingsforslag vart samrøystes vedteke oversendt på vegner av forslagsstillaren utan realitetsbehandling.

### **Vedtak**

Planen vert handsama i fylkestinget.

(Innstillinga vert justert administrativt som følgje av vedtaket.)

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* slik den ligg føre.

### **Innstilling til fylkestinget**

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* slik den ligg føre.

### **Saksprotokoll i fylkestinget - 03. og 04.10.2017**

**Terje Kollbotn (R)** sette fram slikt forslag:

«I Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme, blir ordet "radikaliserings" stroke.»

### **Røysting**

Det var 52 representantar til stades.

Kollbotn sitt forslag fekk 4 røyster (R, SV) og fall.

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

### **Vedtak**

Fylkestinget sluttar seg til fylkesrådmannen sitt framlegg til *Handlingsplan for forebygging av radikaliserings og valdeleg ekstremisme 2017-2020* slik den ligg føre.

## **PS 92/17 Forsøk med delegering av mynde for utviklingsmidlar på bibliotekområdet**

### **Forslag til innstilling**

1. Fylkestinget vedtek at Hordaland fylkeskommune søker Kulturdepartementet om etablering av forsøksprosjekt med regional forvalting av statlege prosjekt- og utviklingsmidlar til bibliotek, jf Lov om forsøk i offentlig forvalting.
2. Fylkestinget bed fylkesrådmannen gå i dialog med Sogn og Fjordane fylkeskommune for utforming av felles søknad til departementet.

## **Saksprotokoll i utval for kultur, idrett og regional utvikling - 13.09.2017**

